

Øyer kommune
Kongsvegen 325
2636 ØYER

Deres ref:

Vår ref: 21-06535-1

Dato: 11.11.2021

Oppmoding om busetting av flyktingar i 2022 - Øyer kommune

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til: Ordførar og kommunedirektør

Busetting er eit viktig steg i integreringsprosessen for flyktingar. Kommunane som busetter flyktingar gjer ein stor innsats. Målet er deltaking i arbeid og samfunnsliv.

2021 har vore nok eit spesielt år. Kommunane har gjort ein formidabel innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktingar og funne gode løysingar i ei krevjande tid.

2021 har også vore eit år prega av uvisse. På grunn av koronapandemien blei det totale busettingsbehovet i 2021 lågare enn den opphavlege oppmodinga. IMDi varsla om dette i eit brev til busettingskommunane i juni. Etter innkomsten av flyktingane frå Afghanistan er nedgangen dempa til ein viss grad. IMDi kjem difor ikkje til å sende ut ein ny justert oppmoding for inneverande år, men vil sørge for at dei flyktingane som kjem vert jamt fordelt mellom alle busettingskommunar.

Oppmoding for 2022

Prognosane viser at behovet for busetting i 2022 er berekna å vere om lag 5 500 personar. Talet er samstundes svært usikkert på grunn av uvisseheit rundt innkomst av overføringsflyktingar i 2022.

Kunnskapsdepartementet har avgjort eit sett med kriteria som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal fordelast mellom kommunane (sjå vedlegg). Resultat i introduksjonsprogrammet dei siste åra, samt moglegheit for arbeid og kapasitet til å gi vidaregåande opplæring i regionen, skal gis stor vekt.

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

Med utgangspunkt i dette ber IMDi om at Øyer kommune busetter 12 flyktingar i 2022.

Plassar som ikkje vart nytta i 2021 kan ikkje overførast til 2022. Personar som er søkt ut til kommunen i 2021, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2022. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

Svar på oppmodinga

Vi ber om at det kjem tydeleg fram av vedtaket dykkar kor mange flykningar kommunen vedtek å busette i 2022. Vi oppfordrar dykk til å fatte vedtak i tråd med talet det er oppmoda om. Vedtaket skal ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.

I tillegg til eit vedtak som svarar på denne oppmodinga, ber IMDi om at kommunen også angir om og kor mange flykningar kommunen *kan vere i stand til å busette* dersom busettingsbehovet aukar i løpet av året. Tilbakemeldinga frå kommunen vil inngå i IMDi si vurdering av kommunanes samla busettingskapasitet.

Det er også ønskeleg å få tilbakemelding på kommunen sin kapasitet til å busette personar med komplekse, helserelevante behov som moglegvis kan føre med seg langvarig kommunal oppfølging.

Frist for å svare på oppmodinga er 1.2.2022.

Når vedtak vert fatta, ber vi kommunen om å:

- sende skriftleg kopi av vedtaket til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no og til fylkeskommunen
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett) etter at oppmodinga er mottatt digitalt

Bakgrunn for tala

Dei nyaste prognosane viser at det er naudsynt å busette om lag 5 500 flykningar i Noreg i 2022. Inkludert i dette talet er 141 einslege mindreårige, kor 30 er under 15 år og busettast av Bufetat.

Det berekna busettingsbehovet har bakgrunn i:

- prognosar over talet asylsøkkjarar til Noreg
- prognosar over talet innvilga asylsøknadar
- prognosar over talet overføringsflykningar

Prognosane legg til grunn talet på overføringsflykningar i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

Prognosane og busettingsbehovet kan variere gjennom året som følge av endringar i forholda nemnt over. Pandemien bidrar også til meir uvisse enn det har vore tidlegare år. Den endelege busettinga for året kan difor verte høgare eller lågare enn det som ligg til grunn for oppmodinga. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flykningar kan justerast i tråd med behovet.

Aktuelle tilskotsordningar

- Kommunar som busetter flykningar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flykningen er busett og etter at IMDi har motteke krav om tilskot frå busettingskommunen. Tilskotet skal medverke til at kommunane har eit aktivt busettings- og integreringsarbeid for at flykningane skal kome i arbeid, forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg. Integreringstilskotet dekker i følge det partssamansette Berekningsutvalet 105,9 prosent av kommunanes gjennomsnittlege utgift knytt til busetting av flykningar i 2020.
- Kommunar som busetter einslege mindreårige flykningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Busettingskommunen må søke om tilskotet etter at flykningen vert busett.
- Nokre flykningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som busetter flykningar, må rekne med at einskilde personar har slike særskilte behov. Kommunar som busetter personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- Kommunar kan og motta tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskot på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd/>

Kontakt

Ta kontakt med IMDi viss det er spørsmål kring oppmodinga. IMDi sitt kontaktsenter har tlf. 40 00 19 60 og epost: post@imdi.no.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Halwan Ibrahim
Assisterande direktør

Kristian Mellingen
Avdelingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og treng difor ikkje signatur.

Vedlegg:

Anmodningskriterier for 2022

Kopimottakere:

Kommunesektorens organisasjon - KS
Innlandet fylkeskommune